

VARHAUGEN

NOMINERT: GEIR KYDLAND
SIDE 5

DUBLANDSBRØNNEN
SIDE 9

BYGDEKVINNELAGET 85 ÅR
SIDE 30-32



UNG I JULI - BARN I JULI SIDE 25-27
Ordføreren var tilstades



REDNINGSSTASJONENS BETYDNING VED FORLIS

Historien om en skute på reise fra Botten til London og dens last, som ble lensmannsgard på Hobberstad.

I 1852 var handelsmann og konsul Tønnes Hauge Puntervold vitne til en stranding ved Ognå. Skonnerten Christiane Magdalene av Bergen stod på grunn og folkene på land, stod hjelpeløse og såg på at 5 mann druknet. Denne opplevelsen var årsaken til at han tok initiativ til å få etablert redningsstasjoner langs Jærkysten. Han fikk i årene 1853 og 1854 byggt stasjoner, på Kvalbein, Husveg, Obrestad og Reve. Disse husene ble av gamle folk benevnt som «abarathus», med henblikk på redningsapparatet som alle disse stasjonene var utstyrt med. Dette apparatet ble brukt til å sende en rakett med line over skuta som var strandet, og på den måten få etablert

en navlestreng til land. For å belyse hvor effektivt dette var, har jeg sakset følgene historie fra Sem og Slagen bygdebok:

Briggen Christiane, skipsreder Wesmann, Teigen, Åsgårdstrand.

Om Morgønen den 20. Oktober 1862 brød her på Vestkysten en Sydvest-Storm løs av saadan Voldsomhed, at til Lykke lignende kun sjælden indtreffer. Søgang-en stod i Forhold dertil, og gamle Folk vilde ikke mindes at have seet den værre. Luften var jevn graa med kun enkelte Skydotter, uden Skod eller Regn, men saa mørk, at hele Synskredsen neppe var ½ Miil fjernet. Fra de yderste og sydligste Gaarde paa Jæderen, Qvalheim, Qvadsem og Haav speidedes stadig efter Seil-ere, skjønt med det Haab ingen at faa see. En Times tid over Middag blev man

dog en Brig var, der lændsede for en revet Fok og øiensynlig nærmede sig Landet, efterhvert som den fløi nordover. Efter ½ Times Forløb var den atter af Sigte. Klokken ½ 3 saaes Briggen fra Obristad (Nærbø). Den styrede nu mere mod Landet da den var lige ud for Obreistadvigen, holdt den af ligepaa Land, og Kl. 3 stødte den voldsomt, og stod faa øieblikke efter fast udenfor Obristad-brækken, Nord for Vigen. Det var Briggen «Christiane», Capt. Wesman af Aasgaardstrand, der paa Reise fra Botten til London med Bjælker i Stormen var blevet saa læk, at den var for rank til at føre seil for at klare Kysten. Efter Skibsraad besluttedes derfor at søge bedste Sted for en Strandlig og der løbe Briggen iland. Nordsiden af Obristadvigen syntes at være den bedste Plads, og derefter styredes. Det var netop Tid for Capt. Wesman til at gjøre sine dispositioner og at anviser hver Mand ombord sin Plads, og hvad han havde at foretage. Foruden Besætningen, 12 Mand tror jeg, var der ombord en Passager, en 15 Aars Gut fra Newcastle, hvis Frelse laa Wesman mest paa Hjerte. Baadsmannen, en stærk og paalidelig Mand fik derfor Ordre til kun at passe paa ham og med ham stilie sig foran Hytten, for at være sikrede mod Søen der, saasnart Briggen stod fast, vilde bryde over den. Styrmanden, eenarmet, men sin Post fuldkommen voxen, fik Ordre til, med det øvrige Mandskab at kappe stormasten i det oieblik Briggen stødte første Gang. Capteinen beregnede nemlig ganske rigtig, at Skibet ikke vilde blive staaende ved det første Stød, men af den næste Bølge bliive ført videre, i hvilket Tilfælde Vindfangsten i Storriggeren kunde kaste det tvers for Søen, som da vilde bryde ganske over, feie Dækket rent og sætte Mandskabet i yderste Fare.

Beregningen var rigtig idet Skibet stødte første Gang, blev med alle øxe og Knive, der fandtes ombord, kappet for Barduner og Vanter, og da det af den næste Bølge kyledes nogle Favne længere op paa Grunden, var Stormasten styrtet forover den ene Side, og Briggen blev staaende med Stævnen mod Land. Ikke een Mand kom til Skade ved Mastens Fald. Strandingen, forsaavidt den var frivillig, var saaledes vel udført.

Saasnart man paa Obristad fik Briggen i Sigte, samledes Beboerne ude paa Høiden og samtalede om dens Stilling, og beregnede, hvor den med dens Cours vilde komme til at drive iland; men da den skiftede Cours og styrede ret paa Land, kom der Røre i dem. Under Commando af Gaardmand Tobias Obristad styrtede Alle hen til det lille Huus hvor Raketapparatet opbevares, og inden mange Minutter var det Hele underveis til «Brækken» for at søge det bedste Sted for et virksomt Skud, og ankom

der næsten samtidig med Briggens Stranding. En liden Afsats i den temmelig steile opgaende Bakke, 20 a 30 Fod over Hav-fladen, blev valgt, hvor der netop var Plads til Apparatet, og hvor man var fri af Brændingen. I en Fart vare de første Forberedelser med Raketten og Linen gjorde; Tobias tog Sigte og tændte Raketten; afsted foer den, og i næste øieblik blev der Jubel paa Stranden: den var gaaet lige over Vraget og Linen falden ned midt imellem de Skibbrudne. Nu blev til Raketlinen iland fastgjort en Stærteblok med Løber, af Skibsfolkene halet ud til Briggen og fæstet om Stumpen af Stor-masten, der var brækket omtrent 10 Fod fra Dækket. Ved Hjælp af Løberen blev nu det store Toug halet ud til Vraget, hvor det blev fastgjort paa Stormasten over Løberen, hvorefter det iland blev med Taljen strammet saa meget, at det omtrent gik klart af Brændingen. Redningsstolen, der forinden vare træd ind paa det store Toug, blev nu ved Løberen halet ombord. Alle Mand var iland halvannen Time efter Forliset.

Mandskapets effekter blev berget. Hele lasten, 1082 fiirhugne Furubjælker og endeel korte Planker, blev losset den paafølgende Dag og oplagte paa Stranden. Skibet blev vrak.

Garden Hobberstad har vært sentral i Varhaugs historie i mer en 300 år, først som lensmannsgard og tingsted, senere og som handels og administrasjonssenter. Jon Eriksen Braut ble lensmann i Kvía skipreide fra 1669 og denne stillingen gikk i arv frem til 1892 da Torsten Tobias Eriksen avsluttet. Far hans, Erik Torsten Tobiassen (1817 - 1874) var en dyktig og mangfoldig mann. Han vart i 1840 konstituert lensmann, men var og postbestyrer for Haa poståpneri fra 1/11-1847. Landhandler og gjestgiver ble han fra 1851 med den eneste forretningen mellom Sandnes og Egersund på den tiden. Fra 1852 - 1855 og 1866 - 1867 var han varaordfører i Haa kommune, og ordfører i 1868 - 1869. Videre var han med i opprettelsen av brannforeningen og sparebanken.

Tidleg på 1860 tallet ble behov for større bygninger på garden, og i denne forbindelse ble endel av skroget og lasten til «Cristiane» innkjøpt til bygningsmateriale. Plankene som ble lastet ombord i Botten (Botn) i Ramnes, Vestfold og skulle til London, ble på grunn av dette forliset, lensmannsbolig på Hobberstad.

Anders Haver

LENSMANNSGARDEN PÅ HOBBERSTAD

Dette er noko i mange år har tenkt å ha med i Varhaugbuen. Eg spurde ein gong Hans Torgny Indrebø om han ville skriva noko. Men han meinte eg kunne gjera det sjølv, og så sende han over mange, mange sider om historia til garden. Men kvar gong eg tenkte på det, vart bladet fullt likevel. Inger Anda som tidlegare arbeidde i Jærbladet, var på Hobberstad ein gong og tok bilete, og Anders Haver leverte eit stykke som dekkja heile baksida. Dette er ikkje om garden, men om redningsstasjonen og skipslasta som husa er bygde av. Så får heller meir historie om garden koma seinare (kanskje).

Men alt til si tid. Nå har dotter vår, Elin, drive garden på ein framifrå måte i 24 år. Odels guten er vaksen, og då fann eg ut at tida var inne for å flytta. Nå har eg funne meg vel til rette i Tjemslandshagen, og her ligg alt til rette både for rullator og rullestol, om det skulle trengjast. Men ein del av meg vil nok framleis vera på Hobberstad, det går ikkje an å berre viska vekk over 50 gode og gilde år. Og vert lengten for stor, så er det berre og ta ein tur ned.

Biletet er frå slutten av femtiåret, og det såg slik ut første gongen eg kom til Hobberstad i 1961.

Liv

Oldefar til Hans, Rasmus Åen, hadde gard like ved der Åna fengsel er i dag. Han kjøpte Hobberstad i 1892, då lensmannen gjekk konkurs, og tok etternamn etter garden. Seinare overtok sonen Hans garden, som gjekk vidare til sonen sin Ola, og i 1969 vart det Hans og meg som skulle driva garden vidare. Dette var noko me hadde sett fram til og gleda oss til, men då Hans vart alvorleg forgifta i siloen året etter, vart ikkje framtida slik me hadde tenkt. Det vart ein del tunge og strevsame år, men eg har frå dag ein stortreves på garden og med arbeidet der. Og det å få bu i det gamle huset, som verkeleg har sjel, det har vore gildt.

Eg sykla ned og handla i dag, og då kunne eg ikkje dy meg, men måtte knipsa dette i Dysjalsvegen. Dette er Hå kommune sin lager- og oppsamlingsplass når dei held på meg graving rundt i området. Men denne fyllinga med høymol er rett og slett stygt. Kan dette vera fint å ynskja velkomen til Varhaug på? Bøndene blir oppmoda til å halda beitene fri for slikt, men kva gjer kommunen? Eg berre spør.

Med venleg helsing Brit Obrestad



NORGES *hyggeligste* HÅNDVERKER

Geir Kydland, en av SI Bygg AS sine mest erfarne tømmermenn med over 30 års fartstid, er nominert og har kommet til finalen i Norges hyggeligste håndverker. Dette er en nasjonal kåring som setter fokus på og hyller håndverkerne.

Geir startet som lærling i SI Bygg da han var 17 år og har siden vært ansatt i selskapet. Han er også en av eierne i SI Bygg.

Det er ikke få lærlinger Geir har hatt med seg gjennom årene han har vært tømmer, og han er en god læremester.

Geir har etter mange år i yrket opparbeidet seg mange faste kunder, og han får flotte tilbakemeldinger på arbeidet sitt.

SI Bygg AS er stolte av Geir og håper på seier i konkurransen!

Glenn Skretting, daglig leder

Foto: Asle Haukland

SpareBank 1
SR-BANK
Sammen får vi ting til å skje.



FLOR ARBEIDSKLEDE FOR KVINNER

Seinsommaren 2011 kom idéen om å laga anleis arbeidskle for kvinner. Me starta opp med den enkle idéen å gjera arbeidskle for kvinner så funksjonelle, tidsriktige og tilpassa som mogleg. Med inspirasjon frå sportsbransjen har me no klar ein kolleksjon som me meiner tek arbeidskvinner på alvor!

Ingen land i verda har større andel kvinnelege arbeidadarar på gardar, oljeplattformer, fiskebåtar, verkstadar og fabrikkar som Noreg. Dette er me i Flor veldig stolte av.

Gjennom våre kolleksjonar hyller me arbeidskvinner, og sikrar at ho kan føla seg vel på jobb, anten ho befinn seg midt i lembinga, i gulerotåkeren, eller med ein hammar i handa.

Våre kle er designa på Voss og sydd i Kina, med innspel frå bønder og andre som har fysisk arbeid. Som bonde må du beherska ein heil del «yrker» - du er gartnar, snikkar, jordmor, anleggsarbeidar og rekneskapsfører, og det kanskje i løpet av same dagen! Me meiner sjølve å ha laga ein kolleksjon som kan passa til alt dette, og ynskjer sjølv sagt innspel om du er einig, ueinig, har tips eller forslag til kva me kan laga neste gong.

Og er du ikkje bonde? Arbeidsklea kan brukast av alle som vil! Mange som jobbar i barnehage, aktive hageentusiastar, damer som køyrer lastebil og som jobbar på forskningsskip har også teke oss i bruk. Felles er at dei treng gode arbeidskle som aukar arbeidslysta!

Dagen i dag vil eg sei var suksess! Strålende solskin, vakker utsikt og kjekke folk, både Ystepiker, mann og besøkjande. Supermodellane stråla om kapp med



sola og salet gjekk godt. Det at Felleskjøpet Varhaug har teke oss inn er svært viktig for oss for å få eit fotfeste i Rogaland. Me meiner dei tilsette der har vore interesserte i oss frå dag 1, og er gode representantar for oss mot kundane. *Kristin Lemme*

FLOR - arbeidsklede for kvinner

Desse vart presenterte hos Ystepikene ein fin sommardag i august. Men me som var der fekk sjå sporty lokale damer som synte oss ein ganske god kolleksjon av gode og fornuftige arbeidsklede. Jon hadde varm grill, og serverte oss pølser frå Røysland gard med ost frå Skrettingland. Sporty gjort av Siri å invitera til ein slik dag/kveld. Alltid gildt når det skjer noko ekstra ein kan få med i Varhaugbuen.



FLAGGSTANGA VED KYRKJA ER ENDELEG PÅ PLESS IGJEN

Det er mange som ha reagert på at flagget ikkje har vore på plass ved kyrkja i gravferder og anna, og snakket og rykta gjekk om kva som var grunnen. Varhaugbuen tok dette opp med kyrkjekontoret, og me fekk svar.

I vinter var ein nøydt til å ta ned stonga då eit feste i toppen knakk, og ein fekk korkje flagget opp eller ned. Dette vart gjort for å unngå reaksjonar på ei tom flaggstong, når flagget elles burde vore oppe. Men det tok ekstra lang tid før dei fekk ny del og reparasjonen kunne gjennomførast. Etterpå vart det og ein intern diskusjon både om størrelsen på flagget med tanke på vind, og kven som hadde ansvaret med heising/firing.

Kyrkjekontoret skriv og at det er fasinerande å merka kor mykje ei flaggstong kan engasjera. Debatten går innimellom i både lokal- og riksmidia om kva flagg som det skal vera lov å flagga med, til kva tid, på offentlege flaggstenger. Andre gonger går debatten på kor få private som flagar på offentlege flaggdagar, for ikkje å snakka om når det vert gløymt å flaga på offentlege flaggstenger på flagdagane våre. Og størrelsen på flaga som vert heist og kommentert blant folk. Debatten treng ikkje berre gå i media, men og i råd og utval, i stabar og mellom bygdefolk.

Etter at Varhaugbuen tok fatt i saka, fekk me melding om at flaget skulle koma opp i haust, og nå er det endeleg på plass. Det tok i grunnen veldig lang tid å få den delen som mangla, men den skulle kanskje koma frå eit «koronaland»?

Liv



FRÅ REDAKSJONEN

Så kjem første nummer av bladet frå stasjonen. Det vart litt meir hektisk enn eg hadde planlagt, for eg reiste på ein jentetur med hatten til Trondheim. Men det er rart med det; når ein arbeidar under press, vert ein ganske effektiv. Me hadde ein fin tur til Trondheim i fint ver og med mange opplevingar. Her heldt ein seg og etter smittevern reglane, og på flyet opp og ned var det munnbind. Elles var det frukostbufe på hotellet, der me var mange som tok i dei same ausene/gaflane, men desse vart skifta ein del på under måltidet. Elles var det sprit både ved inngang og utgang, og brødiskivene låg innpakka 2 og 2 i plast og det var berre dekkja på annankvar stol, så eg følte meg ganske trygg.

Nå har me hatt ein fin august, og meldinga for september ser og bra ut. Dette gjer godt for haustarbeidet til bøndene. Dei fleste har vel fått unna treskinga, og 2. eller 3. slåttan er i gang. Men det er mykje av både poteter og gulerøter som og skal opp, før vinteren tek grep. Eg ynskjer alle ein fin haust, utan noko mei smitte her i Hå.

Liv

Så noko anna:

Etter flyttinga, har eg kassevis med fine og gode bøker. Er det einkvan som er interessert i nokre av desse, vær grei og ta kontakt. Eg har ikkje lyst til berre kasta dei. *Liv*



HUGS Å SEI TIL DEI DU ER GLAD I, AT DU ER DET

Dette er det året ingen ting er normalt.

Difor vart det ingen grillkveld på Lerbrekk i august. Me har ikkje hatt sundagskafé sidan mars. Og det er også lite utleige. Men gjengen som passar på skulen tek ikkje pause. Som me skreiv i sist nummer av Varhaugbuen, så vart skulestova pussa opp i vinter. Nå i sommar er det måling og vedlikehald ute. Veggen på sør og aust har blitt måla. Men først måtte den vaskast. Det vart utført av Sigbjørn Varhaug og Eivind Varhaug. Så var det måling av Odd Varhaug, Eivind Varhaug, Harald Bratland Ingvar Reiestad og Sigbjørn Varhaug. Humoren er med når desse karane arbeider på Lerbrekk. Det sosiale er viktig også nå i desse merkeleg tidene.

Anne Margrete og Oddvar Aanestad held orden på ugras og plen gras slik at det alltid ser fint og velstelt ut rundt skulen.

Det blir ingen sundagskafé resten av året. Også Kunst og Kult si utstilling i oktober er avlyst. Me får berre vente og sjå korleis ting utviklar seg i samfunnet. I skrivande stund ser det ikkje så positivt ut, så det kan fort bli strama inn att i staden for meir opning. Veldig dumt for deg som saknar samlingane på Lerbrekk.

Så får me ynskje kvarandre ein god haust. Og for å sitere ein programleiar i NRK P1+: -Hugs å sei til dei du er glad i, at du er det.

Brit Obrestad

Jærmester

BYGGER MED KOMPETANSE

www.jermester.no

MAU

MURERFIRMAET
AANESTAD & UELAND

Totalleverandør av bad og våtrom

NORGESHUS
Varhaug

jonharald@norgeshus.no



RESTAURERING AV EIT KLENODIUM

Rundt 1864 gjekk ein mann frå Varhaug til Kristiansand. Han fortalde seinare at han «fælte» då han gjekk gjennom Drangsdalen. Han heitte Ole Olsen Bratland. 1825-1915.

Han var bureisar på Heia på Varhaug og nå skulle han kjøpa material i Kristiansand til hus og løa. Dette vart lasta om bord i båt som segla nordover. Det var kanskje andre og som hadde bestilt bygningsmateriale. Utforbi Varhaug vart lasta dumpa i havet. Seinare dregen på land og Ole Olsen bar mykje av dette sjølv frå sjøen opp i heia. Om han hadde hest veit vi ikkje.

Han fekk bygt opp hus og løa som var i eitt. Det var smått og lågt under taket. Ole vart 90 år gamal. Han kalla eigedomen for Dubland.

Ein ting som absolutt var nødvendig var tilgang på vatn til folk og fe. Det måtte gravast brunn. Den vart 5-6 meter djup og steinsatt til topps. Det var farleg arbeid.

Kva tid dei grov brunnen veit vi ikkje, men den eksisterer den dag i dag og kan vera 150 år gamal.

For ca 60-70 år sidan vart den dekket til blant anna med ein lang stein som hadde vore på ein vindmaskin. Brunnen var ikkje i bruk meir.

Det er Bjørnar og Marit Halvorsen som eig hus og stykke der brunnen er. Det gamle jærhuset har vore renovert og utbygt fleire gonger, men noko av tømmeret som kom frå Kristiansand kan ein sjå i den søre skuten.

Nå vil Bjørnar renovera brunnen. Den er opna og det skal byggjast ei lite brunnhus oppå med dør, valse og sveiv og tau, slik som det var før. I gamal tid var det alltid festa ein hestesko i bøtta så den kunne fyllast.

Brunnen er eit klenodium.

Men det er mykje arbeid og vi får berre ynskja lukke til for Bjørnar og Marit.

Odd Dubland. (81,-han drakk brunnvatn då han var smågut.)





NYTT FRÅ MISJONSHUSET

MYKJE ENDRA I FORHOLD TIL VANLEGE ÅR

På misjonshuset (som alle andre møteplassar) vart det denne våren og sommaren mykje endra i forhold til vanlege år. Og no når haustsemesteret startar opp er det med sprit og meters avstand. Misjonshuset har laga sin smittevernplan. Handspriting vert obligatorisk og ein vil registrere alle som er til stades. Slike lister vert makulerte etter to veker. Sjølv om reglane no er slik at inntil 200 kan vere til stades, så har ein funne at fleire basarar med bevertning ikkje bør gå som vanleg. Også misjonshusbasaren som var planlagt 23. oktober går ut.

Styret for misjonshuset har no halde årsmøtet 27. august. Det skulle vært 12. mars.

På årsmøtet var dei vanlege årsmøtesakene, og me drøfta Coronatilstanden og styret sin smittevernplan. Me snakka litt om den nye prislista for misjonshuset, der styret foreslår å ta bord regelen om 5% av omsetnaden. Den vil verta gjeldande frå 1. januar 2021.

Styret har fått laga ein plakett med opplysning om kunstverket som var ferdig til innviinga av ny møtesal for 15 år sidan. Plaketten vil bli festa på sida av kunstverket.

I august fekk me eit overraskande brev med informasjon om ein ny gåve som var testamentert til misjonshuset.

Open barnehage hadde også bråstopp, men frå 31/8 starta den opp att på misjonshuset på måndagar og torsdagar.

Ein ting som må nemnast er at no er alle sakslistene og årsmøtereferatane lagt inn på nettsida til misjonshuset. Foreløpig gjeld det for åra etter 1998.

sjå <https://www.varhaug-misjonshus.no/filer/aarsmoter/oversikt.html>

Men me er i gong att med haustsemesteret 2020 med smittevernreglar og sprit.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. (Telefonnummeret vert kopla til ny mobiltelefon sidan Telenor kutter ut bruk av kobberledning for telefoni.) Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett: http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid



HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er no på Bø skule på Nærbø. Spelekveldene vart stoppa 12. mars og avlyste ut skuleåret.

Med smittevernplan for Corona på plass er det no klart for oppstart for hausten 2020 torsdag 10. september på Bø skule.

Vi speler på torsdagar frå kl 1730 til ca 1845.

Og me vil få til Hå mesterskapet antakelig laurdag 3/10..

Pga Corona fare er det ikkje mange sjakkturneringar i regionen eller i landet som vert arrangerte no i haust.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og speler på onsdagar. Vi speler no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200.

Med smittevernplan mot Corona er det no klart for oppstart onsdag 26. august.

Det er foreløpig veldig stille med omsyn på turneringar i regionen og i heile landet. Fortsatt er det mogleg å spele på internett, så som chess.com og lichess, sjølv om det ikkje er det same som å kunne sjå motstandaren medan ein speler.

NM i juli vart avlyst, og me ventar enno på å få tilbake pengar for flyreisene som det ikkje vart noko av. Klubben hadde vedtatt at medlemar i klubben som vil deltaka på NM skal verte sponsa av klubben, - men no vert det inga slik utbetaling i år.

Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

ABRØR

Trenger du hjelp
ta kontak med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81

Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjøs og industri

Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no

Tlf 48 50 97 80
post@abror.no



SENTRUMSPLANAR

Hadde eg drukke kaffi om morgonen, så hadde eg i alle fall fått den i «vrangstrubå» då eg opna Jærbladet 25. august. «Slik kan nye sentrum bli»

Det er greitt at kommunen vil ha ein sentrumsplan, og denne vart og presentert på Varhaugmarken i fjor. Då tykte eg planane var «heilt vidle», og var sikker på at dette kunne kommunen ikkje gå vidare med. Nå lure eg på om dei som har planlagt dette, veit koss det ser ut på Varhaug?

Kvifor vil dei ha ein park i Stasjonsvegen? - vil dei ha park var det vel meir naturleg at den kom nord for leikeplassen utanfor Rådhuset, på Uelandtomta?

«Sentrumsplanen skal leggja til rette Varhaug sentrum som ein møteplass for alle» - ja slik stod det i Jærbladet. (Ein møteplass for alle vart og brukt då M-44 vart etablert på Bryne). Men Varhaug er ikkje Bryne (som eg som gamal Brynebu tykte vart heilt øydelagt då kjøpesenteret kom). Varhaug er eit av sentra i landets største husdyrkommune, og her treng me korkje einvegskøyrde gate eller gågate. Det me treng er eit levande handlesenter, der innbyggjarane først og fremst kan få det dei treng av nødvendige matvarer utan å tenka på kor dei må parkera bilen. Trur kanskje det vil verta slik at fjerne du bilane, så fjerne du folka? Då kan det fort verta slik

at du «slår ungen ut saman med badevatnet».

Er bilen eller traktor - som mange køyrer med i landbrukskommunen - eit problem? Må me fjerna bilen for å få til ein park, som mykje enklare kan lagast til nord for rådhuset og vest for vegen opp til Coop Extra?

Kva vil skje med Coop og Skretting me desse planane? Trur mest det vil verta over og ut for desse butikkane etter denne planen.

Folk flest er nå slik at dei likar å handla der det er lett å koma til. Slik er det både med Spar, Coop og Skretting, og her har Spar ein fordel «dei ligg utanfor planen», men koss vil det gå med dei andre to?.

Eg har i ei tidlegare blad nemnt Statoiltomta og planane der. Nå er denne saka utsett til sentrumsplanen er vedteken. Vonar politakarane då har fått igjen gangsynet og ikkje er like fjerne som dei som har laga planane, men at dei stikk fingeren i jorda og ser kor dei er: Me er i landbruksbygda på Varhaug, og ikkje ein liten by, der planane meir kunne passa inn med gågate og einvegskøyring.

PS. Eg har snakka med fleire, både næringsrivande i sentrum og andre. Både Skretting, Spar og Coop Extra tykkjer det er rart dei ikkje har vorte høyrde/ spurde skikkeleg i denne prosessen. I gjesteboda er det berre teke med det som var mest relevant frå dei planane dei sjølv hadde. Og kommunen har ikkje tenkt å bruka pengar på denne visjonen om Varhaug sentrum, som mest minner om eit «luft-slott». Eg har og snakka med



FRAMTIDSBILETE: Slik ser MAD arkitekter føre seg Varhaug sentrum i framtida. Bygget til høgre er i dag der slakterbutikken ligg. Vegen forbi denne er tenkt som einvegskjørt. Vegen vidare forbi rådhuset mot Coop Extra er foreslått stengt for kjørande.



ILLUSTRASJON: Denne illustrasjonen er også ein del av sentrumsplanen. Den store, kvite bygningen midt i dei raude, er rådhuset. **MAD ARKITEKTER**

Steinar Haugseng, som fekk desse planane presenterte for seg i avisa, akkurat som meg. Alle er helst sjokka over kva kommunen har stelt i stand. Det er som kjent «ingen skam og snu» - så eg får berre seia tvi, tvi og vona at dei som «styre i kommunen» brukar sunn fornuft i denne saka.

PS.2 Sjur Håland hadde eit godt stykke for nokre år sidan i Varhaug-buen: «Ghost Street». Vert desse planane vedtekne vert heile sentrum eit «Ghost City»

Liv

En alliansebank i eika.



Du blir større i en mindre bank
Vi kjenner nabolaget ditt, bygda di og byen din. Jo bedre vi blir kjent med deg og dine behov, jo bedre kan vi hjelpe deg.



Du kan'kje drikke kaffi på telefonen
Vi tilbyr ansikt-til-ansikt kontakt med våre rådgivere på et kontor nær deg. Daglige behov fikser du enkelt i mobilbanken vår.



Jærsk business er vår business
Vi tilbyr små og mellomstore næringskunder et bredt og kompetent tilbud. Fire rådgivere vier all tid til landbruket.



Vi støtter og sponser lokalmiljøet
Vi pløyer deler av overskuddet tilbake til ditt nærmiljø, slik at Klepp, Time og Hå blir enda bedre å bo og leve i.



Du får rask respons og treffer fjåge folk
Våre rådgivere kan hjelpe deg med veldig mye. Hos oss møter du mennesker, ikke roboter. Våre medarbeidere bor og virker i lokalmiljøet.

Hvorfor velge Jærens eneste lokalbank?

Telefon 915 03290 | www.jaerensparebank.no

jæren
sparebank

T.SKRETTING AS

I sist nummer av bladet, var det meininga å skriva om dette firmaet. Men det var i ei så travel årstid, at eg vart samd med Trond om å koma tilbake i august. Det var vist travelt nok nå og, for eg prøvde meg fleire gonger før eg fekk «napp». Men då eg endeleg kom meg inn i fabrikk, vart eg godt motteken med kaffi i kontorbrakka, som er sett opp inne i hallen. Heldigvis hadde Trond på førehand gjort nokre notater, for så fort me var i gang med samtalen, så «kimde» telefonen. Men me fekk til sist ein god dialog, som eg vil dela med lesarane.

På 60-talet hadde Torgny Skretting ein liten maskinstasjon på garden langs Dysjalsvegen, der det meste av arbeidet var forhausting for bøndene på Varhaug. Seinare dreiv Ervin Skretting maskinstasjonen.

I 2002 starta Trond Skretting - T. Skretting Maskinstasjon. Trond er eit av barnebarna til Torgny, så han har nok fått dette inn med morsmjølka. Heilt frå starten har dei teke og på seg montering og reparasjon i driftsbygningar i ledige stundar.



Firmaet er 2-delt. T.Skretting Maskinstasjon, som framleis held til på heimegarden og T. Skretting Service som 1. januar 2020 flytta inn i ein del av trevarefabrikken til Stueland. Dei har i dag 7 heilårstilsette i heile eller deltidstillingar. 2 er fast på verkstaden, 2 arbeidar i begge avdelingane etter behov, 2 er maskinførarar og ein er på kontoret.

Frå Maskinstasjonen kan ein få gjort dette:

- Utkøyring av husdyrgjødsel, kalk og plantevern.
- Jordbearbeiding
- Grashausting med finsnittar og rundballepresse
- Utleige av sjåfør og anna personell til for eksempel anlegg
- Brøyting og strøing

Service avdelinga tilbyr dette:

- Sal og servicepunkt for Orkel grasmaskinar i Rogaland og Agder.
- Reparasjon av alle typar reiskap og småmaskinar
- Reparasjon og service av 5+traktorar (dvs. i hovudsak traktorar eldre enn 5 år)
- Reparasjon av foringsutstyr og diverse i driftsbygningar
- Pressing av hydraulikkslangar
- Reparasjon og sal av dekk til traktor og reiskap

Kven er så Trond Skretting? Han er 36 år, og sonen til John. Han har kone frå Brusand (som og har halv stilling på kontoret). Dei har 4 born, 2 jenter på 13 og 11 og 2 gutar på 6 og 7 år. Trond er utdanna agronom, men har og vore innom elektrikarfaget i tillegg til maskinstasjonen Han har og arbeidd med montering av innreiing i driftsbygningar.

Opp gjennom åra vart arbeidsmengda heime frå garden så stor, at firmaet i grunnen «vaks seg ut» der. Trond tenkte først på lagerplass, då lokala i trevarefabrikken kom på tale. Men han såg snart at dette egna seg til meir enn bare ein stad å plassera maskinane. Og nå har dei vore på plass ei god stund, og Trond seier dei har godt med arbeid i begge avdelingane. Men det er med maskinstasjonen det er mest arbeid.

Varhaugbuen seier takk for kaffi og godt drøs, og ynskjer T. Skretting AS lukke til vidare med begge avdelingane. *Liv*

T
SKRETTING
VERKSTED • I-MEK • MASKINSTASJON

INGRID UELAND HANSEN

Trur nok at eg må seia Ingrid t' Tonning for at dei vel vaksne i bygda skal forstå kven eg meiner. Sa me det ikkje slik, sa me Ingrid sjå IT. For fleire år sidan skreiv eg om Ingrid og I.T. i Varhaugbuen, og eg hadde tenkt å ta ein drøs med Ingrid igjen. Eg har lenge hatt liggande ein lapp med «Ingrid» på skrivebordet. Men så kom koronaen, og alt stod på vent. Då det såg ut til å lysna litt, fekk Ingrid dobbelsidig lungebetennelse, og døydde 23. juli, 97 år gamal.

Ingrid fekk eit langt og godt liv, sjølv om helsa ikkje var heilt på topp dei siste åra. Ingrid bruka alltid høghæla sko, og ho tykte det var trist då den tida var over då ho fekk problem med hoftene. Som pensjonist hadde ho i alle år, god hjelp av Ingeborg Skretting, som hadde starta som kontodame hos I.T. i 1966. Ein kan vel seia at Ingeborg vart mest som både ei dotter, søster og veninne for Ingrid. Ei god og gild tid, seier Ingeborg, men samstundes også krevjande, for Ingrid var, som sikkert mange kjenner til, ei veldig bestemt og oppegående dame på alle vis.

Eg husker då det var utsal hos I.T. Då rigga dei til langbord i 2.etasjen, der kundane kunne setja seg ned. Det var ikkje kafe på Varhaug, men folk måtte jo få ein kaffikopp og litt å bita i når dei kom til Varhaug, meinte Ingrid. Då var det Ingeborg som stod for serveringa, men Ingrid trødde og til mellom kjolesal og anna. I.T. butikken var veldig god for alle institusjonane rundt omkring, slik som Klokkegarden. Her fann alltid personalet klede til pasientane både til kvardag og fest. Ingeborg fortel at institusjonar på Bryne og kom og låna med seg klede så brukarane kunne få prøva dei i fred og ro.

Mannekengvisningar hadde dei og, mellom anna på Undheim. Eg husker den eg sjølv var med på. Den var på Iden med Tande P. som konferansier. Trur me var 10 damer som synte klede, og alle vart imponerte over kor mykje fint dei hadde i butikken.

Eg må og nemna skulekorpset. Både Ingrid og Tonning var veldig opptekne av dei, og då korpset var 30 år, vart musikantane bedne heim til Ingrid på is og brus. Ungane snakka lenge om det etterpå. «Tenk me fekk brus i høge stettglas, og så åt me is i krystallskåler og med sølvskei ute på terrassen»

Det er tydeleg at Ingrid var glad i Varhaug og bygda ho hadde levd i heile livet, og det som skjedde der, for både Misjonshuset, Idrettslaget, Elgane og Lerbrekk skule, var tenkte på i testamentet. Yngre folk og nye folk i bygda, vil nok lura på kven denne Ingrid var, som ga så mange pengar til lag i bygda. Difor vil eg ta med det intervjuet eg hadde med Ingrid så langt tilbake som i 2007. (Utruleg kor åra fær av garde, eg trudde ikkje det var meir enn 7-8 år sidan.

Til sist vil eg her gjennom Varhaugbuen - som i grunnen er heile bygda - takka Ingrid for den ho var og det ho gjorde, og ikkje minst for den store testamentgåva til glede for mange på Varhaug. Ingrid har sett spor etter seg i bygda, ikkje berre med desse gåvene. Me har Uelandgata og Ingrid-tunet like ved huset ho og Tonning bygde. Me vil lysa fred over minnet til Ingrid Ueland Hansen! *Liv*

**HAALAND
BILVERKSTED**

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66



**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no



I.T. - eit begrep på Varhaug gjennom fleire generasjonar

I.T. – eit begrep på Varhaug gjennom fleire generasjonar.

I eit tidlegare nummer av Varhaugbuen, hadde Sverre Varhaug eit innlegg om sentrum av Varhaug, eller "stassjoen" som dei fleste seier.

Nå skal Varhaugbuen ta for seg I.T. og har derfor teke turen til Ingrid Ueland Hansen, eller Ingrid te' Tonning, som me vel alle seier.

Ingrid er fødd på Varhaug i 1923 og her har ho budd heile livet.

Ho var einaste dotter til Ivar Tobias og kona Inger f. Thu.

Dei fekk og ein son i 1927, men han døydde som 2-åring.

(I.T namnet kan altså gå tilbake til begge to).



Varhaugbuen takker Ingrid for kaffi + litt til og ikkje minst for ein "goe drøs". - Liv



Som innflyttar til Varhaug er I.T. for meg kledebutikken og alt garnet i kjellaren.

Men I.T. var eit begrep på Varhaug lenge før nybygget stod ferdig i 1963.

Som ein parantes kan eg nemna at Hans, mannen min, var sjåfør hos I.T. seint på 50-talet, og han køyrde både material og drensøyr til mange gardar rundt på Jæren.

Far til Ingrid reiste som 19 åring til Amerika, der han m. a. arbeidde som sauegjæter dei første åra før han tok land. Han kom heim i 1914, gjekk handelsskulen i 1915 og kjøpte eiegenomen på Varhaug i 1916. Då starta han og med trelasthandel. I 1917 gifta han seg, og ein kan trygt seia at han fekk mykje gjort dei første åra han var tilbake i Norge.

I den tida kom materialen med båt til Sandnes, vart så lasta over på tog som frakta det til Varhaug, og så var det med hest og kjerre frå jernbanen og til trelastlageret

Då han i 1919 bygde seg hus, starta han og med landhandel.

Ingrid fortel at dei hadde både bøtter og kar, spiker og glasruter, ja til og med enkelte matvarer hadde dei å selja.

Sidan kona hadde vore førstedame i bedrifta til Jonas Øglænd, vart det og naturleg for dei å handla både med vanlege sykler og lette motorsykler

Ingrid seier at ho nærast vart født i butikken, og at ho ikkje var gamle jenta då ho første gongen stod i butikken og skar til vindusglas.

Det var ho heller ikkje då ho vart sendt til Sandnes for å betala sjauarane på kaien og andre.

Ingrid vaks til, men var ikkje noko særleg interessert i butikken. Det var handarbeidslærar ho hadde lyst til å verta.

Slik vart det jo ikkje, men handarbeid av ymse slag har ho alltid vore glad i. Då eg var innom sat ho med eit stort broderi med ei mengd av fargar og berre små sting. Ikkje anna enn imponerende, når ein tenker på den alderen ho er i.

Rundt om i stovene er det mange fine ting som dei flinke hendene

har laga til opp gjennom åra i tillegg til travle dagar i butikken.

Det var helst litt bause då dei sette opp den store nye butikken. Tenk her kunne damene få det dei trengde både av undertøy og yttørtøy i første etasje, mens mannfolka fekk det same i 2.

Og så kjellaren då, der me fann klede til ungane, og ikkje minst det me trong av garn. Rollsegarn frå IT var kjent langt utanfor Varhaug. Det kom folk for å handla klede og garn både frå nord og sør.

Ingrid gifta seg med Tonning Hansen frå Bryne i 1948. Han var ein framsynt mann, som nok hadde mykje å seia på 60-talet då nybygget kom.

Eg trur mest eg kunne laga eit heilt blad berre om Tonning, og alt det han har gjort for bygda, men skal berre nemna dei 3 tinga som eg har mest kjennskap til: skulekorset, speedwaybanen på Elgane og ikkje minst Varhaugmarken.

Ingrid fekk det tungt då Tonning døde i 1997, men ho heldt fram med butikken aleine til 2004. Det er nok ikkje heilt lett å slutta av med noko ein har vore involverte i heile livet.

Ingrid seier ho og Tonning hadde mange gode år saman både i butikken og elles. Det var lange og travle dagar for dei begge, men slik vert det nå berre når folk driv for seg sjølv.

Når ho tenker tilbake har ho mange lyse og gilde minne frå butikkrida. Ho tykkjer det er trist at det ikkje er fleire butikkar på Varhaug.

Men nå står det berre at å sjå kva som skjer når nybygget nord for Uelandsgata kjem opp. Her skal Coop inn på gateplan, og så skal det verta husvære i etasjane over.

Så er det berre å håpa at det er ein kvan som finn Varhaug så interessant at dei vil etablere seg her når lokala hos Bohus og handelslaget vert ledige.

Liv



Her ligg Ingrid tunet i dag.



PLASTINNSAMLING 2020

Me i Svala 4H var på plastinnsamlingen bak felleskjøpet i år. Dei intervjuar Jone Bryne. Her er noko av det dei spurde han om.

- **Kor mange år har dere gjort dette?**
- Me har gjort detta i ca. 20 år.
- **Kor mange gonger i året er det plastinnsamling?**
- Det er plastinnsamling 4 gonger i året. Februar, mai, august og november.
- **Tjene dokke penger på det? kor mykje?**
- Nei, me tjener ikkje penger på det men 4H gjør.
- **Kva blir det brukt til?**
- Noko av det blir brukt til gjenvinning, og noko blir sendt til utlandet får å bli brent.

Me i svala 4H setter veldig stor pris på den jobbe Jone og Finn gjer for 4H. Me oppfordrer alle bønder på Varhaug til og levere landbruksplasten til insamlingene våre.

Aline og Malin



Nytt styre i VBU

F.v.: Tevlingsleiar Rasmus Haugsdal, Styremedlem Jørgen Tuen, Leiar Jesper Lerbrekk, Nestleiar Irene Håland, Aktivitsleiar Ole-Kristian Ødegård, Kasserar Birger Kvía Hobberstad.

Infroleiar og sekretariat Helle Skretting var ikkje til stades når biletet blei teke.

Varhaug Bygdeungdomslag hadde årsmøte fredag 14. august kor det blei vald inn fleire nye styremedlem. Me gler oss til eit kjekt år ilag.

Styre året i fjor tok ei brå vending grunna pandemien, og den heng igjen litt endå, men me håpar på at den snart går over så me kjem i gang med fleire aktivitetar for ungdommen i bygda.



Grevlingen enda sine dagar.

EIN GREVLING I TAKET,

syng Knudsen og Ludvigsen om. Men denne grevlingen var ikkje i taket, nei, den enda sine dage på riksveg 44 på Hobberstad i juni. I tillegg til denne, vart det og 2 andre grevlingungar påkøyrde mellom Hobberstad og Grødaland same helga. Truleg er det ungar som har forlate hiet sitt i nærleiken, og riksveg 44 er ikkje å spøkja med.

Liv

DEI PRAKTISKE FAGA SKAL FÅ MEIR PLESS I UNGDOMSSKULEN

Nå kjem noko heilt nytt inn i Stueland Trevarebygget. Her har kommunen/skulen fått til eit samarbeid med Haugstad Møbel, der dei praktiske faga skal få meir plass. Dette kjem me meir tilbake til i neste nummer av Varhaugbuen.

Liv

EIN STOR TAKK

Eg vil nok ein gong få takka for den fine måten eg vert teken imot på, når eg kjem på den årlege tiggerunden etter gevinstar. Sjølv om det nok har vore «knage» for mange, eg tenker her på frisørane, så har eg fått gevinst både frå dei og mange andre. Heldigvis står det ikkje «best før» eller «må brukast innan då og då» på noko av det eg har fått. Difor kan dei godt lagrast eit år. Eg hadde ikkje kome rundt på heile tiggerunden, då eg fekk beskjed om at det ikkje vart basar, og godt var nå det. Men ein stor TAKK til alt eg har fått nå, og så kjem nok eg - eller ein annan frå laget - tilbake neste år til dykk andre. Liv

VARHAUG BONDELAG 100 ÅR



Varhaug Bondelag, eller Varhaug Landbruksforening, som laget heitte i starten, vart stifta tysdag 29. juni i 1920. Laget var først organisert under Rogaland Landbruksksselskap. Medlemmane betalte to kroner kvar i årspengar. Både kvinner og menn var velkomne som medlemmar. Einaste kravet var at medlemmen sjølv brukte jord, eller «deler jordbrukernes interesser». Første formannen var Rasmus A. Varhaug. Dei andre i styret var Hans S. Aanestad og Kristian A. Skrettingland. Varamedlemmane var Gabriel Ole-Asbjørnsen Aanestad og Tobias Tobiasson Ueland. Med dette styret var også det meste av bygda dekkja geografisk. Hans S. var med sine 23 år den yngste styremedlemmen, medan varamedlem, Gabriel på 52 år, vart senioren i styret. Varhaug Bondelag meldte seg inn i Norges Bondelag i 1924.

VARHAUG IDRETTSLAG HAR FÅTT SYKKEL- GRUPPE

18. august hadde VIL ekstraordinært årsmøte, der saka var om laget skulle fusjonera med Varhaug Sykkelklubb, og dermed ta over utstyr, midle og medlemmer til sykkelklubben. Klubben hadde eit årsmøtevedtak på at det var dette medlemmane ynskte. Dei fram-møtte medlemmane i VIL hadde ikkje noko imot forslaget. og det vart gjort slikt vedtak på det ekstraordinære årsmøtet:

Varhaug Idrettslag oppretter ei egen sykkelgruppe. Hovedstyret får full-makt til å oppdatere organisasjons-planen.



NÅ ER LØPEBANEN SNART KLAR



Eg forstod ingen ting då eg for ei tid sidan gjekk tur rundt Iden. Kva i alle verda held dei nå på med? Men vil du veta noko, må du spørja, og det har eg gjort.

Det er løpebanen som vert skikkeleg opp gradert. Gamal masse er grave opp og køyrd vekk. Singel, pukk og elles alt anna som trengs før tartanen skal på, er nå på plass. Truleg er løpebanen klar i løpet av september.

Idrettslaget har og bestemt seg for å investera i ein «løpehare» Dei som leverte aktivitetsparken har utvikla ein variant, og VIL er ein av dei første i verda som får denne. (Hadde vore spanande om nokon frå Team Ingebrethsen kunne vore med på innviinga av banen?)

Det er og fjerna ein jordhaug, der det kjem sykkelstativ og le vegg.

Dette arbeidet er ikkje gratis. Kalkylen er på 4 mill. og dette vert dekkja av tilskot frå stat og kommune i tillegg til eigenkapital (=dugnad).

I tillegg kjem ein basketballbane og 2 padel tennisbaner (eg veit ikkje kva dette er, men eg trur ikkje det er andre i regionen).

VIP-tribunen er snart klar for opning. Her har laget fått ei storstove som lag og organisasjonar kan leiga, og der og sponsorane kan arrangera treff eller møter. For tida held Kråkespelarane til der måndagar, sidan det sosiale romet er nytta til skule.

7. trinnet på Varhaug skule, brukar i tillegg til det sosiale romet og salen, kafeen og hallen. Dei er nemleg delte i 4 grupper.



BOKHAUST PÅ VARHAUG:

«FOLK FRÅ VARHAUG 1920-2020»

Praktbok til bygda ført i pennen av Sjur Håland og utgjeven av Varhaug Bondelag. Kring 300 sider lokalhistorie, krydra med meir enn 150 fotografi og ei perlerekkje med småstubbar.

Stor boklansering og boksal laurdag 31. oktober kl.12.00 - 18.00 i den gamle salen på Idrettshuset.

Gratis kaffi og litt å bita i blir servert heile dagen. Finn deg eit bord og slå av ein prat med kjende.

Det skal vera trygt å koma på boklanseringa, FHI-smitteverntiltak vil bli ivareteke.

Program:

12.00: Boksal, signering og kaffiservering. Boka kostar 400 kroner. Betaling; kontantar, Vipps eller faktura/giro.

14.00: Kortreist kultur: Minikonsert med Dag Madland, Richard Madland (Stasjons-ungane) og Lars Ole Bergersen

Slik vart boka til: Frå lause trådar til bokbinding. Olav R. Husveg og Sjur Håland.

Helsing frå varaordføraren i Hå, Svein Høyland.

Boksignering og sal.

16.00: Kortreist kultur: Minikonsert med Dag Madland, Richard Madland (Stasjons-ungane) og Lars Ole Bergersen

Helsing frå Lars Erling Friestad, konsulent i Hå kommune.

Boksignering og sal.

Velkomne!

Jubileumskomiteen, Varhaug Bondelag

Atterhald om endringar i programmet.

VB VoldenTollefsen

W Murmester
Waldeland & Dubland



INVITERER HEILE BYGDA TIL FEST

Varhaug Bondelag er 100 år og markerer jubileet med storslegen fest og boklansering på Jærmuseet fredag 30. oktober kl. 19,00. Alle frå Varhaug som har lyst å vera med og feira er hjerteleg velkomne (ikkje berre bønder).

Program:

100 år på 25 minutt, Sjur Håland

Middag, kaffi og dessert (med vin til maten til dei som ønskjer det)

Musikalske svisker, nostalgi, swing og smil: Green Sax Group frå Undheim

Gratulerer Varhaug: Leiar i Rogaland Bondelag, Marit Epletveit

Helsingar

Bokslepp av den rykande ferske boka «Folk frå Varhaug 1920 - 2020», forfatta av Sjur Håland. Pris kr 400,-

Festleiar gjennom kvelden er Bondevennen sin redaktør, **Bothild Å. Nordsletten**

Festen skjer i trygge ramar der gjeldande FHI-smitteverntiltak blir ivareteke.

Pris: kr. 300,- per person

Ved påmelding kan du også førehandsbestilla signerte bøker. Betaling av bøker og fest til Vipps: 619721, bankkonto: 3335 30 90424

Avgrensa tal plasser. Påmelding etter først til mølla-prinsippet innan fredag 9. oktober til:

Olav R. Husveg tlf.: 416 90 317

Lenita Salte, tlf.: 414 47 071

Peter Vagle, tlf.: 918 05 245

Gaute Ødemotland, tlf.: 478 44 018

Velkomne til hundreårsfest!

Jubileumskomiteen, Varhaug Bondelag

Atterhald om endringar i programmet

**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgengerredsvela@yahoo.no

VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnau@online.no

• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

FRISK SATSING PÅ PULSEN



Som lesarane kanskje har fått med seg frå Jærbladet, så skal Ronny Gudmestad nå utvida treningssenteret han driv saman med kona i Stuelandbygget. I tillegg til dei store loka han har i kjellaren, har han nå fått leiga ein del av butikklokalet som Lars Gaute hadde før. Her får dei ein treningssal på 250 m². Når ein tek med roma i kjellaren, disponerer dei nå 1250 m². I den «nye» salen på bakkettrinn vert det satsing på organisert gruppetrening for dei vel vaksne. Her vil ein først og fremst leggja vekt på balanse og koordinasjon i tillegg til styrke. Ronny har og planar om treningsopplegg for barn og unge.

I denne korona tida er me vorte vane med at det er ikkje så mykje som skjer. Då var det ekstra positivt å lesa i Jærbladet om satsinga på Pulsen. Ronny seier det har gått greitt etter at senteret opna igjen. Her gjeld det berre å fylgja regelverket med spriting osv, slik at det ikkje kjem inn noko smitte utanfrå.

Det er nok ikkje alle som tenker på at Pulsen og er ein god arbeidsplass for mange. Ronny sjølv har hatt full stilling det siste året, men i tillegg er det 11 tilsette med faste timar i veka

Varhaugbuen heier på satsinga, og ynskjer Ronny og gjengen lukke til med både det «gamle» og det nye, som opnar 1. kvartal 2021.

Liv

Husk: Trening er ei investering i eit lengre og friskare liv!

VARHAUG PENSJONISTLAG

Som for dei fleste andre lag, har det og vore stilt her. Men nå er det bestemt at det vert møte siste tirsdag i september kl. 17.00. De får sjå i Jærbladet eller «Ramen» når den tid kjem, om kva programmet vert.

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
Varhaug Skulemusikkorps,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløå

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Nestleiar

Eli Aanestad, bygdekvinnelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem

Ole Kristian Ødegård,
bygdeungdomslaget

Asle Haukland
bedriftsforeningen

1. varamedlem

Astrid Skreting, Lensmannsløå

2. varamedlem

Ingvar Reiestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Redaktør

Liv Hobbestad



«TUNET» – BRUKERSTYRT SENTER

Veit ikkje om lesarane husker at eg skreiv om dette i det første nummeret i år. Nå som eg omtrent er nabo med senteret, måtte eg berre innom for å høyra koss dei hadde hatt det i denne koronatida, og om det framleis gjekk an og kjøpa middag der.

Som sist vart eg ynskt velkomen av mange blide damer. Eg kjente middagslukt frå komfyren, så det var tydeleg at her var ting på gang som før. Men det hadde vore endring her og, som så mange andre stader. Dei hadde halde fram med å laga middag, men ingen kom til senteret for å eta den. Nei, den vart køyrt ut til brukarane. Men nå var det tilbake til normalen igjen, og det kan passa godt for meg, som berre har 5 minuttss gange dit. Middag må ein som før, bestilla dagen før, eller før kl. 09.00 same dag. Middagen er kl. 12.00, og til vanleg er det 10 personar som et i lag, til ein pris av kr. 50.



Vibeke, her med eit fargefint strikk i fanget, har eit artistnamn: «gode høns»

Strikke-kafeen har og vore stengt i denne tida, men den starter opp att måndag 31. august kl. 18.00. Og held «basseluskane» seg borte, så held strikkekafeen fram som før, den siste måndag i månaden frå kl. 18.00 og utover.

I denne «stengde tida» hadde senteret starta med ein ny aktivitet. Dei henta mat på Matsentralen i Sandnes, som dei køyrde ut til rusmisbrukarar og andre vanskeligstilte i kommunen. Dette har godt så bra, og vore så vellukka, at det vil senteret berre halda fram med.

Laurdag 28. november skal senteret ha ope hus. Då skal dei ha boder med sal av ymse ting som er laga på senteret. I tillegg vert det basar. Dei som ikkje har fått kjøpt lodd tidlegare, kan få det på dagen. Det vert og sal av mat og kaffi. Her er alle velkomne.

Vibeke Sørskog, ein av brukarane på senteret, har til og med laga ein song, som eg fekk lov til å ha i bladet, og den går på melodien «Gøy på landet»

1. På Aktiviteten her me samlast, noen syr og noen strikker.

Ja, her er det åpent, både dager og kvelder.

Me prater og me har det kjekt, me koser oss i sammen.

Med kaffi, kos og goe mat, så går jo heile dagen.

Refreng: Gøy på stovå, gøy på stovå. Det er sånn me synest om. Ja, det er jo sikkert.

Gøy på stovå, gøy på stovå, Dette er sånn me synest om.

2. Ja me som samlest her, me har det veldig kjekt i sammen.

Med mange goe historier, blir det en kjempegoe latter.

Ja, alle har noe godt å si, som mange her kan le av.

Refreng:

Til slutt så vil eg takke de som jobber her på huset.

En kjempestore takk, for at me får denne goe stunden.

Eg gleder meg og koser meg, når eg tar seieren i kortspill.

Ja, det er alltid kjekt når gutter taper i vri 8'n

Refreng: Gøy på stovå, gøy på stovå. Her må me tebage igjen – ja, det er jo sikkert.

Gøy på stovå. Gøy på stovå. Ja, her må me tebage igjen (x2)



I 2019 fekk me testa ut UNGJULI som gratis klubbtilbod i ferien. Det var Hå kulturskule og me i ungdomsklubbane i Hå som ynskja å laga dette tilbodet saman. I tillegg kunne me tilby gratis ferie for nokre ungdommar for andre år på rad. Begge tilboda var svært gode og etterlengta. Med mykje søknad for å vera med på gratis sommarferie, og eit registrert besøk på 550 ungdom på UNGIJULI var det ein heilt klar suksess.

Ragnvald Wernøe, rektor i Hå kulturskule, ville meir. Om me kunne laga eit så bra sommartilbod for ungdom i Hå, kunne me kanskje og klara å få til noko for born. Med tidlegare tilbod «Ungdomsklubb på hjul» i tankane, fekk han ideen om eit gratis tilbod for born frå 4.trinn og opp til og med 7. trinn. Anette Jensen Gimre tok jobben som leiar av tilbodet, og slik segla BARNIJULI seg gjennom kommunen med

flagget til topps. Høgste besøkstal var 98 stk. utfor biblioteket på Nærbø fyrste måndagen i juli. Det var ein sliten men lukkeleg arbeidsgjeng som pakka ned og førebudde seg til neste dag i Lensmannsløa på Varhaug. Då juliveret viste seg å innehalde berre ein soldag, og det den siste julidagen, blei besøka i kommunen innandørs for det meste. Veret stoppa ikkje besøka, og heller ikkje avstand. BARNIJULI stoppa i bygdene fram til Sirevåg, og der kom det framleis ungar frå heile kommunen for å delta på leikar, song, lesing og lykkehjul. Over 800 ungar nytta seg av tilbodet 3 veker i juli. Rektor Wernøe deltok sjølv fleire av vekene med tryllekunstnar og godt humør, og støtta også opp i Loen på Hå kulturtorg og UNGIJULI, då det viste seg at besøkstala der hadde dobla seg og vel så det sidan i fjor.



Ungijuli: Ole Elias Bergersen har kontroll på vinyltrykk, og hjelper ungdom å laga festlege t-skjorter

UNGIJULI opna sitt andre år med same arbeidsgjeng som sist. Usikre og spente på oppmøte gjetta dei seg på ulike besøkstal, og håpa på litt auke sidan sist. Eit tilbod for ungdom kl. 12.00 - 15.00 krevjar bl.a. at ungdommen set på vekkarklokka og når bort før stenging... Det høgste besøkstalet fyrste året var 40 ungdom, men like ofte berre 20. Undringa var difor stor då det i god tid før opning stod kø utfor døra! 63 ungdom fant nemleg vegen 1.juli, og fredag 89. Korleis skulle dette ende? Det blei hanka inn litt ekstra arbeidskraft, og etter 4 veker med godstemning, spel, teikning, bingo, musikk, god mat og mykje meir hadde UNGIJULI registrert over 1200 besøk på 4 veker. Over dobbelt så mange som i fjor. Nokre ungdom nytta tilbodet kvar einaste dag, andre litt no og då. Tilbakemeldingane frå ungdommen var

varme og gode, og kvifor ope berre i juli? Dei hadde jo fri og lite å gjere på både før og etter. Nytt av året var og at endå fleire ungdom frå heile kommunen kom til Nærbø. Sjølv om flest nok hørde til Nærbø, kom svært mange frå dei andre bygdene og, og noko av det dei sette mest pris på var å få nye venner.

Sjølv om tekst og bilete syner kor bra dette er, må det likevel stolt leggjast til: Dette er så ufatteleg bra! I staden for å sova vekk dagane eller ligga klistra til ein skjerm, har ungdommar og born ledd, leika, blitt forelska og blitt sett. Dei har ete, tulla og fått nye venner... og det har ikkje kosta ei krone! (For andre enn kommunen og Saniteten som sponsa maten til barnijuli med støtte frå Gjensidigestiftelsen).



Barnijuli: Mange likte godt å vera kreative med fargar, kitt og måling



Ungijuli: Marthine Høyland Lode laga filmar, tik tok og spelte inn song med dei som ville.



JENTETUR TIL TRONDHEIM

Hadde ikkje trudd det skulle verta ferie i år, men nå har eg faktisk vore ei langhelg i Trondheim, saman med nokre andre damer - dei fleste med hatt!

Eg fekk 5 dagar saman med gode venner, og eit vell av kulturelle opplevingar. Den største og flottaste var nok siste dagen, då me var i Maria klosteret på Tautra. Dette klosteret stod ferdig i 2006, og det var dronning Sonja som hadde lagt ned grunnsteinen. Men på Tautra har det vore kloster sidan 1200 talet, og nå heldt dei på med restaurering av ein del av dei gamle murane. Her lever nonnene etter klosterregler frå år 850; dei står opp kl 04.00, og så går dagen med bønn, messe, mat, arbeid og kvile til det er kveld og sengetid kl. 20.00. For tida var det 14 nonner, der ei var norsk. Nonnene er og aktive utanom messe og bøn. Dei dyrkar grønsaker, lager såpe og kremer i tillegg til bakverk, som dei sel i den litle butikken på staden.



Klare for flyturen.

Men det var stillheten og roa inne i kyrkja som var den store opplevinga. Dette går det ikkje an å forklara. Det må berre opplevast. Og så det flotte kyrkjebygget, og den utsikta frå kyrkjeromet. Eg finn ikkje ord som kan fortelja om dette. De må berre reisa dit og oppleva det sjølv. Liv



FØLET OG SAUEN

Kjært barn har mange namn. I sist nummer av bladet hadde sauen vorte til bukk (sikkert grunna dei store horna), og det rette hadde kanskje vore veren?. Veit ikkje om Arnstein Skretting tenkte på sau eller ver, då han lagar laga skulpturen? Me me har nå kalla det sau. Pr i dag, er stoda akkurat som sist; dyra står framleis «parkerte» borte ved Tunet. Sist eg var bortom, tykte eg følet hadde tårer i augo og liksom spørjande såg på meg: «Får me snart koma heim igjen?»

Liv



BYGDEKVINNELAGET

BASAREN

Leiaren i laget, Liv Reiestad, hadde snakka med «smittevernsjefen» i kommunen, og fått klarsignal til å halda basar. Denne skulle me ha oppe i lensmannsløa, der det er større rom og me lettare kunne ha ein meters avstand.

Den faste basardagen har i alle år vore siste torsdag i august, og me hadde og bestilt tid på Spar og Extra for loddosal. Så auka det på med smitte rundt omkring, om ikkje så mykje akkurat her hos oss. Men laget valde likevel og berra avlysa både basar og loddosal. Gevinstane, som eg hadde fått frå næringslivet, må nok berre ligga på lager til livet igjen kjem i normal gjenge. Vert det i august 21 eller tidlegare???. Me må nok berre venta, og sjå det an.

DEI NYE ALTERDUKANE I KAPELLET

I sist blad, sat Inger Lise Varhaug og hekla på det som skulle verta ny alterduk. Den er for langt ferdig og på plass. Men bygdekvinnelaget har og laga enda ein alterduk, med broderi. Kjellaug Aanestad Varhaug har teikna motivet etter eit foto, og Signe Sikveland har brodert. Det var denne duken det var tenkt på i utgangspunktet, men så var problemet å finna noko som kunne teikna mønsteret, men med dyktige bygdekvinner kom dette og fort på plass.

Eg fekk vera med 7. juni, saman med 21 andre damer, på innviinga av den siste. Dei fleste kom syklande ned til kyrkjegarden, mens nokre gjekk eller køyrde bil (som eg). Etter at duken var på plass, og fotograferinga var over, bar det til Kari og Lars på Reiestad, for å nyta kaker og kaffi som bygdekvinnelaget hadde laga til. Her fekk me og ei orientering av Kari om kva dei hadde gjort med garden, både ute og inne i mest 20 år. Det var veldig interessant og gildt, for det var nokre som ikkje hadde vore der før. Veret var og godt, så me hadde ein fin tur gjennom det flotte hageanlegget dei har fått til. Ikkje så lenge etter selde Kari og Lars garden. Men sidan det er Varhaugsfolk som er dei nye eigarane, får kanskje bygdekvinnelaget koma tilbake dit ein annan gong og?

Liv

AVSTAND OG ANTIBAC

«Denne våren og sommaren vart ikkje slik me hadde planlagt. Alt stoppa opp i mars, og det har vore lite aktivitet hos dei aller fleste. Me fekk ein liten sykkelstur til kapellet i juli. Der fekk me sjå to flotte alterdukar som er laga av lokale bygdekvinner (sjå eigen reportasje).No har me snakka med smittevernslegen i Hå kommune, og fått grønt lys for å starta opp. Det me må tenka på er å halda avstand og bruka antibac. Skulle ting forverra seg, må me foreta nødvendige endringar».

Slik var første meldinga eg fekk frå Liv Reiestad, og så kom litt om basaren, årsmøtet osv...

Som de ser annan stad i bladet, så er basaren avlyst. Men ting skjer utover hausten likevel. Her må ein berre fylgja med på restriksjonane i samband med koronaen.

24. september - Årsmøte.

29. oktober - Koftekveld. «Bunadjelpen» kjem og snakker om og viser kofter. Ei oppfordring er å koma i kofter, gamle som nye. Astrid Varhaug kjem og syng for oss. Ho har meg seg pianist Kjellaug Røynås.

26.november - jule møte. Lotus kjem og lagar adventsdekorasjonar.

Elles er trimmen kome i gang. Måndagsturane går som før. Strikke kafeen er og i gang igjen. Første gongen var 2. september, då det vart samla inn alt som er strikka til Ukraina.

Alle er velkomne til møta i bygdekvinnelaget.



VARHAUG BYGDEKVINNELAG 85 ÅR

Nå vert Varhaug bondelag 100 år, og det var dei som i si tid sytte for at eit bondekvinnelag - som det heitte den gongen - kom i gang. Dette er noko eg har skrive før, då laget fylte 75 år.

Varhaug bondekvinnelag, som laget då heitte, (og som eg nok og framleis seier) vart stifta 28. november 1935. Det var bondelaget - som bygda hadde hatt i 15 år - som puffa på for å få eit bondekvinnelag og i bygda.

Slik lydde det første møtereferatet: «Den 28. november 1935 var kvinnerne i Varhaug samankalla på Varhaug forsamlingshus for å skipa bondekvinnelag. Ein begynte møtet med å syngja Gud signe vårt dyre fedreland.

Tre tilreisande var komne: Frk. Guri Aanestad, Stavanger styrte møte. Fru Jakobine Tjensvoll held foredrag um arbeidet. Fru Anna Sandved frå Høyland las opp lovane og held fram alle dei goder ein kunde få gjort i eit slikt lag.

Så fekk ein kaffi. Mat hadde kvar med seg. Petter Vagle sa og nokre ord um kor godt arbeid det var. Karfolki gjekk då innteikningi og valget tok til. Ca 20 teikna seg. Til formann vart valgt Hanne Varhaug. Dei andre i styret er: Anna Lerbrekk, Kristina Voll, Johanna Husvegg og Ingerd Aanestad. Berre ca 50-60 var til stades. Månemørkt og regn gjorde vel sit til at så få møtte.

Dei som teikna seg på fyrste møte var: Ingerd Aanestad, Hanne Varhaug, Marta Stokkeland, Elisa Djøseland, Anna Lerbrekk, Seline Figgene, Ingeborg Lerbrekk, Hanna Reiestad, Magli Varhaug, Berta Skretting, Kristina Reiestad, Margrethe Aanestad, Johanna Husvegg, Kristina Voll og Taletta Håland»

Då laget var 50 år, vart det laga eit jubileumsskrift, der eg hadde med meg Ingerd Aanestad, som var med då laget vart stifta i tillegg til Marta Ueland og Johanna Aanestad i komitèen. Alle desse var tidlegare formenn i laget; Ingerd med 3 år, Johanna med 7 og Marta med heile 10. Johanna var formann i jubileumsåret.

Når det gjeld jubileumsskriftet, var dette delt i to bolkar «Åra før krigen» og «Åra etter krigen».

Då eg heldt på med dette skriftet, hadde eg gamle



Vedtekter for Norges bondekvinnelag

Norges Bondekvinnelag er ein sjølvstendig organisasjon som står i nært samarbeid med Norges Bondelag.

Forutan å vere ein kvinneorganisasjon er Norges Bondekvinnelag også ei reising, ei rørsle med sin faste ideologi. Laget har som føremål å samle alle kvinner som deler det syn at jordbruk og fiske er dei fundamentale næring-ane. Bondekvinnelaget skal ta vare på dei økonomiske, sosiale og kulturelle interessene til bygdefolket og bygge på nasjonal og kristen grunn. Norges Bondekvinnelag er ein partipolitisk nøytral organisasjon. Norges Bondekvinnelag har hovudsete og verneting i Oslo.

møteprotokollar som sengelektyre. Hans sa seinare at i den tida hadde han både bondekvinnelaget med seg i senga og til frukostbordet. For når eg les noko interessant sa eg: «Hans, Hans dette må du høyra». Ja, det var ei gild tid både med lesinga og i dei mange møta eg hadde med Ingerd, Johanna og Marta. Det var dei gamle møtebøkene og minnet til desse tri som gjorde at me fekk til eit jubileumsskrift, som forresten både Varhaug Sparebank og Hå kulturkontor ytte tilskot til.

I starten var medlemsmøta rundt i heimane. Den første tida varde møta frå kl. 20.00 til 22-22.30. Medlemene var alltid ivrige med handarbeidet, og kaffi og mat var då, som nå, viktig for å få drøset godt i gang.

Den første tida vart laget kalla «Kvinnelaget». Bondekvinnelaget vart det kalla etter krigen.

Kurs av ymse slag har i alle år vore ein del av bondekvinnelaget sitt arbeid. Og det første kurset kom i gang i januar 1936. Det var eit vevkurs med 14 elevar. Dei vov ty til både kjole, kåpe og dress i tillegg til gardiner, dukar og serviettar.

Då kurset var ferdig var det fest med utstilling av dei vevde tinga. Ca 100 stk var på festen – menn og!

I september 1936 hadde laget den første turen. Den

gjekk til Eigersund med lastebil der dei såg seg rundt på Fajansen, handla billeg steintøy og kosa seg i lag.

I januar 1937 var det kurs igjen. Denne gongen eit sykurs med 14 elevar. Lærer var Synnøve Oftedal. Elevane skulle her læra å «sy ting til nytte og gagn for seg sjølv og for hus og heim». I mars same år var det fest med utstilling av dei sydde tinga. Og elevarbeidet var «imponerende, både kvaliteten og kvantiteten. Det var heile 230 på festen, for det meste kvinner. Læraren fekk ein sølvvase som takk for godt arbeid!

I april 1937 var det møte på forsamlingshuset der Ragna Arents heldt foredrag om bondekvinnelaga sine oppgåver, økonomisk, sosialt og kulturelt. Etter foredraget var det demonstrasjon av frukostbord. Eit slik det burde vera med mjølk, ost, smør, syltetøy, flatbrød eller knekkebrød, grovbrød og eit eple eller gulrot. Og eit frukostbord slik det ikkje skulle vera: Svart kaffi, margarin, finbrød og sirup.

I desember spurde bondelaget om bondekvinnelaget ville vera med å laga til bondefest kvart år, og seinare vart det slik.

Same månad var det på ny avslutningsfest etter eit 12 dagars bakekurs med 20 elevar. Til denne festen var det og møtt fram ein del menn. Guri Aanestad hadde kåseri med ein appell til bondekvinne om å fylgja betre med og ta meir fatt på dei forskjellige spørsmål og krav som rører ved heimen, bondeyrket og samfunnet elles. Maten på festen var bakverk frå kurset, og det som vart att auksjonerte ein til slutt ut med liv og lyst.

I februar 1938 hadde laget tur til Eigersund for å sjå på sildefisket og i september hadde ein tur til bondekvinnefest på Sømme, der 20 stk var med.

Hausten 1938 diskuterte ein kva laget skulle bruke pengane til som ein fekk ved utlodding. Det vart vedteke å setja av ein sum kvart år som skulle nyttast når det vart bygt gamleheim på Varhaug.

I juni 1939 vart det gjort vedtak om å velja ei nemnd til å setja opp sakliste til kvart møte.

Bondekvinnelaget sin del av overskotet frå bondefesten var kr. 20.00, og på basaren kom det inn brutto kr. 75.65. Sidan bondekvinnelaget hadde fått nytta losjehuset til kurs, vart det bestemt å kjøpa inn ein ting til losjebasaren.



Hanne Varhaug - første formannen

november 1939 var det på ny vevkurs med 12 elevar.

I desember 1939 kom det skriv frå Forsvarsklubben om laget ville skaffa handklede, puter oa. Dette skrivet vart berre lagt til sides, då ingen hadde noko framlegg å koma med. Men i januar 1940 vart det teke opp att, og det var gitt kr. 50.00 til feltlasarettet i Horten.

Det kom og eit skriv frå Kvinneleg arbeidshjelp v/kronprinsesse Martha, som var president der, om å setja ned ei nemnd

saman med andre kvinneorganisasjonar til å førebu kvinneleg arbeidshjelp, dersom det skule verta krig. Men dette vart utsett til eit seinare møte. (Dette syner tydeleg kor framandt det var for medlemene at noko kunne henda her).

1. april 1940 hadde ein møte på forsamlingshuset, der Vigrestad Kvinneleg arbeidshjelp var innbedne, og «det kom ein full lastebil med koner». Guri Aanestad fortalde frå ein tur til Oslo der alle fylkesformennene hadde hatt møte. Der hadde kvinners Arbeidshjelp vorte diskutert, og det hadde vore eit heller livleg ordskifte, då ein meinte at bondekonene hadde meir enn nok frå før. På møtet hadde det og vorte understreke at det var valår, og at ein ikkje måtte sitja heime, men helst syta for at det kom med kvinner i styre og stell, for det måtte vera slutt med ordtaket «det stod kvinner bak». På møtet var det synt fram mange mjølprøver, og det meste av dette kunne dei laga på mølla her. Guri Aanestad heldt fram kor viktig det var å ha ei så god bygdemølle dersom det vart krig

Til årsmøtet i november 1940 var det få som hadde tid til å koma. Denne hausten hadde vore særst sur og våt, så det var ein del utarbeid som endå stod igjen.

I 1941 vart bondekvinnelaget nedlagt. Norges Bondelag hadde og lagt ned sin organisasjon, då NS og tyskarane la så svært press på dei hausten 1940 at statsråd Melby vart avsett, og så vart parolen «Heller nedlegge enn ødelegge»

Frå 1935 og fram til krigen var kontingenten kr. 1.00 pr år, og då bondekvinnelaget vart nedlagt var det 38 medlemar.

Liv Hobberstad

MEIR FRÅ BYGDEKVINNELAGET



Frå 75-års festen: Liv Hobberstad, Kjellaug Aanestad Kvía, Malena Bratland, Else Ueland, Astrid Hobberstad, Helga Ueland og Aud Håland.

Brynhild Aanestad, 91 år, og dotter til stiftaren av laget, Hanne Varhaug, er framleis medlem.

Desse har vore leiarar i laget:

Hanne Varhaug 1936, 39, 46 og 47.

Inger Aanestad 1937, 38 og 48.

Anna Odland 1940 og 41 til det vart nedlagt grunna krigen.

Johanna Aanestad 1949, 50, 51, 52, 72, 73, 74 og 85.

Marta Ueland 1952, 53, 54, 58, 59, 60, 61, 63, 64 og 65.

Janna Skretting 1955, 56, 57 og 66.

Serina (L.) Nord-Varhaug 1962.

Marit Ueland 1967 og 68.

Malena Bratland 1969, 70 og 71.

Thea Nord-Varhaug 1975 og 76.

Else Ueland 1977, 78 og 79.

Målfrid Skrettingland 1980.

Johanne Hobberstad 1981 og 82.

Kjellaug Kvía 1983 og 84.

Liv Hobberstad 1985 og 86.

Det kjem meir om laget og kven som har vore leiarar i neste nummer av Varhaugbuen.

Liv.

Bygdekvinlaget hadde tenkt å markera at me var 85 år på årsmøtet, med innbedne gjester. Men grunna koronaen - som ser ut å blussa opp igjen - valde dei å avlysa dette, så det vert berre eit vanleg årsmøte i september.



Varhaugbuen har vore så heldig og hatt ein drøs med Malena Bratland, eller Molla som vel dei fleste seier. Ho var leiar i laget i 3 år - 1969. 70 og 71. Då budde ho og mannen Lars på garden dei dreiv på Sæland. Då sonen overtok garden på syttitalet, flytta dei inn i nytt hus med stor hage på Høienfeltet. Her bur framleis Molla, som vart 99 år 28. august aleine. Mannen døydde i 2005. Molla seier sjølv at det som held henne frisk og oppegåande er at ho har ein stor hage som ho trives i, og då eg var oppom, var ho i arbeid der. Men ho saknar badinga i Stampen på Nærbø, der ho har gått i alle år. Nå har jo denne vore stengt i lang tid grunna koronaen. Ein må og ta med at Molla framleis har serti-fikat. Molla seier at det nyttar ikkje berre å setja seg ned og og klaga på «vontenne». Dei kjem av seg sjølv til alle, og kjennest nok best om ein berre set seg ned. Nei, hald deg i aktivitet, det er tingen.

LUDWIG LARSEN

I sist nummer av bladet nemnde eg at Varhaugbuen hadde fått ei heil mappe med dikt og vers av Ludwig Larsen, eller berre «Ludw. Larsen», som det alltid står under det han har skrive. Sidan det ikkje er så enge sidan sankthans, tykte eg det kunne passa med dette:

MIDTSOMMERNATT

En midtsommernatt i en ensom stund -

Jeg går i naturen - mens andre tar blund.

Alt er så stille - men levende dog -

Naturen den har sitt eget sprog.

Naturen den er min vakreste kirke.

Den skaper en stemning som får meg at virke

Gavmild og god i Skaperens verk -

Jeg er svak, - men naturen, den gjør meg sterk.

Mitt blikk fanger opp den minste kvist -

Og tanken går straks til den Herre Krist.

Hvilke verdier naturen meg byr -

Fra det høyeste fjell til den dypeste myr.

Verdier - tross farer - verdier som står -

Verdier som leder min fot hvor jeg går.

Mitt blikk og min tanke - de arbeider sammen

Og bit for bit de bygger rammen

Hvor min sjel skal plasseres en gang -

Gud signe naturen og fuglenes sang.

Ludw.Larsen, 1985.



KOR Æ VARHAUG?

Nå som eg har flytta til stasjonen, går eg ofte tur med utgangspunkt i Prestakrysset. Når ein kjem frå Håland, viser skiltet Kvernaland og Nærbø rett fram, svinge ein til høgre kjem ein til Bue og E39 og svinge ein til venstre kjem ein til sentrum.

Kjem ein på Opstadvegen viser skiltet rett fram til Håland, til venstre Bue og høgre til sentrum. Eg veit jo at sentrum er Varhaug, men er det sikkert at dei som kjem Buevegen forstår det? Kunne det ikkje vore gildt med eit fint skilt, slik dei har ved Esso, like før Prestakrysset med «Velkommen til Varhaug».

Er kanskje Varhaug bedriftsforeining den rette til å spørja om det?

Liv





I DENNE KORONA-TIDA

I det første nummeret av bladet i år skreiv eg slik: Så er det berre å kryssa både hender og føter og håpa at korona-viruset ikkje kjem til oss».

Men veka etter at bladet kom ut, opplevde me ei ny tid. Mest alt vart stengt av, planlagde arrangement vart avlyste. Dei som hadde planlagt påsketur, enten det var hytta eller til utlandet, kom seg ikkje av garde. Det vart ei merkeleg tid, men det gjekk av i likaste laget då me retta oss etter myndighetene; hald avstand og vask hendene. Til tross for dette, tykkjer eg sommaren har gått utruleg fort, og nå er me i september, og stoda med koronaen er mest som i vår. Me held framleis avstand, spriten står klar både i butikkar og elles, og me har vorte vane med å ha det slik. Då det ikkje vart reising, nytta folk tida med å fiksa opp i hus og heim. Dette synte godt igjen hos lokale firma, som hadde ein auke både i sal og arbeid. Så lempa myndighetene litt på krava, og folk kunne reisa til ymse trygge land. Men dette førte til ny auke med smittetilfelle. Me må nok berre finna oss i at koronaen vil halda seg her hos oss, også neste år. Så er det å håpa på at vaksinen kjem om ikkje så alt for lenge.

Mykje har vorte snudd på hovudet dette året. Konfirmasjonane, som skulle vore i mai, vert nå avvikla i haust. (Det var slik det var før i tida, for eg vart konfirmert i september 1953). Nå tek nokre arrangement til å koma i gang, men her må smittevern reglane fylgjast. Dette trur eg vil gå bra. Me er vorte vande med å halda avstand og sprita hendene, der ein «færast».

Gjenbruk er inn i tida. I dette bladet er det og ein del gjenbruk. Bygdekvinnelaget vert 85 år, så difor har eg teke med det eg skreiv då laget var 75. Det er kome mange nye til bygda dei siste 10 åra, så dette vert nytt for dei, og det gjer sikkert ikkje noko om andre heller får det 2 gonger. Eg har og teke med stykket om I.T. Dette for å visa kven Ingrid Ueland Hansen var, som ved sin død, har gitt bygda så mykje.

Liv

Årsmøte i Varhaug Bondelag

Onsdag 14. oktober kl 19:30

i det sosiale rommet på Iden.

Ystepikene kjem



NÆRBØ MASKIN AS

Januar 2020 flyttet Nærbø Maskin AS til Tjemslandsmarka 4 på Varhaug. Vi er ett grossistfirma med hovedfokus på driftsrekvisita til landbruket. Vi har kunder i hele landet, som innkjøpslag, landbruksbutikker og servicebiler.

Nærbø Maskin AS har eksistert siden 1978, da en i oppstarten forhandlet landbruksmaskiner, derav navnet Nærbø Maskin AS. I 1993 gjorde en om bedriften til et rent grossistfirma, og har holdt seg i det segmentet til dags dato. Vi er tre fast ansatte i den daglige driften i Tjemslandsmarka 4.

Vi har i tillegg ett godt samarbeid med Rilas Rørhandel AS, som har forretningsadresse på Ualand i Lund kommune. Det innebærer at Rilas Rørhandel AS kan tilby rør innen drens og avløp, med avhenting i Nærbø Maskin AS sine lokaler.

Våre nettadresser er: n-m.no og rilas.no

Tom Magne Ueland



STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

9. november 2020

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

BINGO

Det er fleire som har sakna denne, og spurt kva tid den skal starta opp att. Turid, Britt og Bjørg forstår dette, men det er ikkje lett å få til bingoen på eldresenteret, om ein skal halda seg etter smittevernreglane. Bord og stolar må flyttast på, både før og etter bingoen, for ein må nytta heile romet for å få nok avstand til kvarandre. I tillegg kjem alt arbeidet med sprit vask både av brett, bord og stolar. Det er betre å vera føre var, dei fleste som går på bingoen høyrer til risikogrupper. Så her må ein nok berre smørja seg med litt tolmod, og venta på betre og tryggare tider. Liv



HAUSTTILBUD I FK BUTIKKEN!



**REGNJAKKE
PU GRØNN**
Vind og
vanntett.

349,-

**REGNBUKSE
PU GRØNN**
Vind og
vanntett.

249,-



**BUKSE BLÅKLÄDER
SERVICE ST, SORT**
Moderne servicebukse
til inne og ute! Lett og
slitesterkt materiale med
hurtigtørkende egenskaper.

**DAME, STR. C30-50
HERRE, STR. C44-62, D84-124**

**BLÅKLÄDER
WORKWEAR**

**799,-
(999,-)**



**RAGGSOKK
SVALBARD**
Kjernespunnet ullgarn i
80% ull, 18% stretchpolyamid,
2% lycra. Str. 37-48

FK BUTIKKEN VARHAUG
Tlf. 51 77 14 70

Mandag – fredag: 8–17
lørdag: 9–14



butikkken
fkra.no/fkbutikkken

Ved kjøp av vask for VIL
sine medlemmer får de
20% RABATT
i tillegg til stempelkort
med hvert 6. vask gratis
(gjelder alle kunder)

**KOM OG PRØV
VÅR NYE OG TOPP
MODERNE
VASKE-
AUTOMAT**



**Varhaug
Servicenter A/S**
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED